

Jnr. 1109.18  
GJG/rr

Justis- og beredskapsdepartementet  
Postboks 8005 Dep  
0030 Oslo

## NYTT HØGRISIKOFENGSEL PÅ VESTLANDET

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er regionrådet for kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Det er ordførarar og rådmenn som utgjer rådet.

Samarbeidsrådet er kjent med at det no vert arbeidd med ein KVVU for nytt høgrisikofengsel på Vestlandet, og har følgjande innspel til arbeidet:

Pr. i dag har Haugesund fengsel kun 18 soningsplassar med høgt sikkerheitsnivå. I tillegg har ikkje Haugesund fengsel tenlege fasilitetar etter dagens krav.

Nye tal syner no at regionen sitt behov for høgt sikkerheitsnivå er kalkulert til 91 plassar i 2014 og 100 i 2024. Tala samsvarar med storleiken på eit nytt «standardfengsel» som ein har kome fram til i arbeidet med KVVU for region Sør og Øst. Då er 18 erstatningsplassar for dagens fengsel inkludert. Akutte behov for rehabilitering ved Haugesund fengsel vert spart ved å prioritera Haugesund/Sunnhordland – regionen.

I rapporten som Norconsult utarbeidde for Haugaland vekst i 2017 seier og at eitt nytt fengsel med høgt sikkerheitsnivå i regionen gjer moglegheitene å sjå samarbeid/ vekselverknad mellom høgt og lågt nivå internt på Vestlandet med vidare drift av Sandeid i same skala.

Dei viktigaste argumenta for å velgje Haugesund/Sunnhordland-regionen først og som ein del av utbygginga på Vestlandet er:

- Haugesund/Sunnhordland-regionen har størst behov for plassar med høgt sikkerheitsnivå, 91 plasser i 2014 og 100 i 2024.
- Haugesund/Sunnhordland-regionen manglar mest plassar (73) på Vestlandet, dvs. ein faktor på 46 plassar pr. 100.000 innbyggjarar, erstatningsplassar (18) ikkje medrekna
- Ålesund-regionen har nest størst behov med 82 plasser som gir same faktor med 46 plasser pr. 100.000 innbyggjarar i 2014, erstatningsplassar (27) ikkje medrekna
- Resten av Vestlandet manglar kun 7 plasser pr. 100.000 innbyggere, totalt 72 plasser fordelt mellom Stavanger, Bergen, Sogn og Fjordane og Nordmøre/Romsdal.
- Korte avstandar til Stavanger og Bergen etter at Rogfast og Hordfast er ferdigstilt
- Akutte behov for rehabilitering ved Haugesund fengsel kan sparast, ved å prioritere

Haugaland/Sunnhordland-regionen.

- Rimeleg kort avstand til flyplassen som gjer det mogleg å etablere spesialiserte funksjoner der flytransport av fangar vil skje i større omfang
- Haugaland/Sunnhordland-regionen har arbeida og venta lenge (> 10 år) på et nytt fengsel i regionen.
- Regionen er også i vekst som gjer eit auka behov på Haugalandet/Sunnhordland med 10 plassar fram til 2040.
- Eit nytt fengsel med høg sikkerheit i Haugaland/Sunnhordland-regionen gir også moglegheit for å sjå samarbeidet/vekselverknad mellom høgt og lågt nivå internt i regionen ved vidare drift av Sandeid i same skala.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at det føreligg god og grundig dokumentasjon på at Haugesund fengsel må erstattast med eit nytt høgrisiko fengsel i regionen.

Sveio kommune, som ligg på grensa mellom Rogaland og Hordaland har gjort eit grundig arbeid for å skaffe nødvendig dokumentasjon for lokalisering av fengsel i kommunen og Samarbeidsrådet for Sunnhordland støtter Sveio kommune som lokasjon for eit nytt høgrisikofengsel på Vestlandet.

Sunnhordland 5. november 2018

Wenche Tislevoll  
styreleiar

Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Vedlegg: Faldar – fengsel i Sveio